



Pål Fregstad
Ulsmågåsen 17
5224 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2059 - 16/22077

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
20.12.2016

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, oppføring av naust på Gbnr 52/32, Kårbø

Administrativt vedtak. Saknr: 384/2016

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Birgitte de Martens og Pål Fregstad har søkt om løyve til oppføring av naust med samla bruksareal (BRA) opplyst til å vera ca 35 m² og samla bygd areal (BYA) opplyst til å vera 35 m² på gbnr 52/32 på Kårbø i Meland kommune.

Eigedommen er i matrikkelen opplyst med eit samla areal på 65 m², eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som framtidig naustområde NA_17. Tiltaket er i tråd med arealformålet, men innanfor dette området i denne planperioden, åpnar ikkje kommuneplanen for oppføring av fleire naust. Det er gitt dispensasjon for tiltaket i UDU- vedtak 71/2016.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 19.7 og 27.6.2016, samt UDU-vedtak 71/2016.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla i perioden 16.9 – 17.9.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknadar frå nokre av dei varsla partane. Tiltaket vert rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl. § 21-3.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppføring av naust er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2. Sidan naustet ikkje skal ha bebygd areal på over 50 m² er det eit mindre tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a), som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav a).

Den omsøkte eigedommen er avsett som framtidig naustområde (NA_17) på Kårbø i KPA, og tiltaket er i samsvar med arealformålet. I utgangspunktet gjeld det eit plankrav for framtidige naustområde (jf føresegnene § 1.2). Det aktuelle naustområdet er i realiteten eit noverande naustområde som blir fortetta med eitt naust. Sidan området ikkje låg inne i førre kommuneplan, er det likevel vist som «framtidig». For noverande naustområde er det fritak frå plankravet ved fortetting med inntil to naust (jf føresegnene § 2.1.1). Administrasjonen tolkar den konkrete situasjonen på Kårbø analogt med «noverande» naustområde og krev ikkje dispensasjon frå plankravet. Dette medfører ikkje at alle «framtidige» område får tilsvarande vurdering og tolking. Parsellen er allereie delt i frå. Det blir med andre ord ikkje oppretta ei ny eining. Tiltaket krev ingen ytre tilrettelegging knytt til tilkomst og parkering, og rører ikkje ved andre sektormynde.

Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrenser:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 19.7.2016

Tiltaket skal i tillegg utformast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 27.6.2016.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2.

Parkering:

Det følgjer av *Tab. 4 – Krav til parkering* i § 1.6.9 i kommuneplanen sine føresegner at naust skal ha parkeringsdekning for 1 bil. Det ligg føre ein tinglyst rettighet om at naustetomten har rett til parkering på fritidsbustaden på gbnr 52/31. (kopi av erklæring journalført 20.12.2016)

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 a) og 20-4 e) løyve til oppføring av naust på 35 m² på gbnr 52/32 i naustområde NA_17 i Meland kommune, jf søknad journalført 19.7.2016. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 19.7 og 27.6.2016.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneleova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg til søknad vedr. bygging av nøst
Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 52/32
Situasjonskart

Mottakere:

Pål Fregstad

Ulsmågåsen 17 5224

NESTTUN